



**PROSJEKTET
NESCH, KUNSTEN OG UNGANE
& ELEVUTSTILLING AV
113 GRAFISKE BLAD,
GALLERI SYNINGEN
ÅL KULTURHUS**

**PROSJEKTRAPPORT FRÅ NESCH-UTVALET
Mars 2023**

PROSJEKT NESCH, KUNSTEN OG UNGANE

«Hils barna!»

Prosjektet NESCH, KUNSTEN OG UNGANE vart realisert hausten 2022, etter grundig planlegging. Målet var å gi elevar moglegheiter til å oppleva og forstå kunst, og lære korleis eit grafisk trykk blir til. Arbeidet skulle avrundast med ei utstilling av elevane sine eigne trykk i Galleri Syningen i Ål kulturhus. 113 elevtrykk vart stilte ut. Utstillinga opna laurdag 7. januar 2023, den dagen Rolf Nesch skulle ha fylt 130 år, og var til heider for ein unik kunstnar som budde og virka i Ål i 20 år. Ungar var viktige for Rolf Nesch. «Hils barna!» var hans siste helsing då sjukebilen i 1972 tok han vekk frå bygda, for siste gong.

Sektorutval for kultur og skule oppnemnde Nesch-utvalet i april 2020 med mandat og funksjonstid ut valperioden, dvs. 31.12.2023. Utvalet laga våren 2020 ein handlingsplan for arbeidet. Den rauda tråden for utvalet er måloppnåelse gjennom samarbeid. Prosjektet NESCH, KUNSTEN OG UNGANE, var eit tiltak som skulle gjennomførast 2021-22., og baserast på samarbeid med Ål-skulane, Leveld Kunstnartun og Ål kulturhus.

Nesch-utvalet vart frå Ål kommune stilt kr. 30 000 til disposisjon i funksjonsperioden. Utvalet sto fritt til å søkje eksterne midlar. Til prosjektet NESCH, KUNSTEN OG UNGANE søkte utvalet økonomisk støtte frå Den kulturelle skulesekken, og fekk kr. 30 000 til rådvelde i 2022. Utvalet har helde seg innanfor budsjetttrammene.

Prosjektet skulle munne ut i ei utstilling i Galleri Syningen. Den skulle vera ei markering av kunstnaren Rolf Nesch sin 130. åremålsdag 7. januar 2023. Fotograf Johs. Brye var til stor hjelp med rammer og anna til sjølve utstillinga.

Ei rundspørjing blant kunst- og handverkslærarane på 4. (og 3. klasse i udelte skular) og 9. klassetrinn syner at det har vore interessant og lærerikt vera med i prosjektet NESCH, KUNSTEN OG UNGANE. Alle var positive til å halde fram med opplegget. Det er kome inn konstruktive forslag til forbeteringar i neste runde. Desse blir følgde opp.

113 grafiske blad vart stilte ut i Galleri Syningen i Ål kulturhus i perioden laurdag 7. januar til sundag 26. februar 2023. 150 besøkjande signerte i gjesteboka, men totalt var langt fleire innom utstillinga. Prosjektdeltakarane, elevar, lærarar, familie og slekt, vene og anna besøkjande publikum har gitt positive attendemeldingar.

Med bakgrunn i gode samarbeidsrøynsler med Ål-skulane, Leveld Kunstnartun og Ål kulturhus, søkte Nesch-utvalet om støtte til å vidareføre eit tilsvarande opplegg skuleåret 2023-24. Kr. 50 000 er stilt til disposisjon for tiltaket.

Kirstine E. Wetterhus har vore prosjektleiar saman med Anne Nordheim. Eva Almhjell har hatt ansvaret for kontakten med pressa og sørga for fotodokumentasjon av prosjektet.

Detaljar i prosjektet NESCH, KUNSTEN OG UNGANE går fram av vedlegga:

1. Framdriftsplan prosjekt NESCH, KUNSTEN OG UNGANE
2. Plan for besøk og guida omvisning i Nesch-museet
3. Plan for arbeid i trykkeriet i Samhald, Leveld Kunstnartun.

ÅI, mars 2023

Kirstine E. Wetterhus

Anne Nordheim

Eva Almhjell



Barneskuleelevar i Nesch-museet.



9. klasseskole elevar lærer om grafiske trykk
på Samhald



Krigens Rolf Nesch røynde.




Metallstykke fra Nesch si samling gir næring
til ungane sin fantasi



Eirik Lillebror Mikkelborg
svingar irisen



Spissborgarar – skisse



Spissborgarar – grafisk fargetrykk



Plakat/invitasjon til elevutstillinga.



F.v. Ellinor Flaget, Ida Hagen Aasvang og Marius Tornes Kolsrud opnar utstillinga.



Ein del av dei 113 grafiske trykka frå prosjektet NESCH, KUNSTEN OG UNGANE



Mange folk under opninga av utstillinga

Alle fotos: E. Almhjell

VEDLEGG 1

Framdriftsplan prosjekt «Nesch, kunsten og ungane»

Dato	Tema	Ansvar
	I 2005 var det ei gruppe lærarar i barne-, ungdoms- og vidaregåande skule som jobba med undervisningsopplegg. Då vart det laga ei plastkasse der opplegga er samle. Ein kan framleis låne kasse. Ho står på biblioteket på Ål kulturhus.	
Nov-20	Idé frå Nesch-utvalet om å finne ut kva som blir gjort på skulane i kommunen i høve til grafikk/trykking og Rolf Nesch. Alle rektorane fekk mail med spørsmål om kven som var kunst og handverkslærarar ved deira skule.	Kirstine
Jan-21	<p>* Svar frå kh-lærarane ved dei ulike skulane om kva dei har gjort med grafikk og Rolf Nesch. Nokon har jobba med trykk no og då utan å kople til Rolf Nesch. Andre har hatt eigne opplegg der dei bl.a hadde søkt DKS-midlar og hyra Gunnveig Nerol for å ha trykking med elevane. Andre har brukt Nesch-museet og laga trykk ut frå Rolf Nesch sin kunst.</p> <p>* Oppsummert var det ikkje faste opplegg med grafikk og Rolf Nesch på skulane i Ål. Det var noko tilfeldig kva som vart gjort både i høve til grafikk og Rolf Nesch.</p> <p>Nesch-utvalet vil sikre at ungane i Ål kommune har kjennskap til kunstnaren og kunsten til Rolf Nesch. Kanskje gjennom samarbeid med Leveld kunstnartun og grafikar derfrå.</p>	Kirstine
Jun-21	E-brev til alle rektorane om å ha Rolf Nesch og grafikk med seg i planlegging av skuleåret 2021-2022. Skal gjelde elevar på 4. og 9. trinn.	Kirstine
Aug-21	E-brev til skulesjef Vegard Hoel med info om at alle rektorane har fått spørsmål om å ha grafikk og Rolf Nesch som tema for elevar på 4. og 9. trinn. Og at rektorane tek opp dette som sak på rektormøtet i august.	Kirstine
Sep-21	E-brev til rektorane med spørsmål om det er mogleg å få til samarbeidsmøte med alle kh-lærarane på 4. og 9. trinn for å lage skisse til opplegg. Positive svar attende frå kh-lærarane.	Kirstine
Sep-21	Søknad send DKS om dei kan løyve 12000 kr til transportutgifter til LKT og trykkeverkstaden i Leveld til prosjektet «Nesch, kunsten og ungane».	Anne
Okt-21	Innkalling og sakliste for samarbeidsmøte for alle kh-lærarane i kommunen vart send ut.	Kirstine
Nov-21	<p>* Vellukka og positivt møte med kh-lærarane på 4. og 9. trinn i kommunen og Nesch-utvalet. Lærarane fortalte om det dei har gjort av grafikk og bruk av Nesch-museet tidlegare. Elevane som har vore i Nesch-museet har vore nøgde med omvisingane og besøka der. Men fleire skular nemnde at økonomi er ei utfordring. Det er dyrt å betale transport til/frå kulturhuset. Heller ikkje så mykje pengar til utstyr som trengst til trykking. Det har vore opp til kvar lærar om dei har hatt fokus på bruk av Rolf Nesch sin kunst.</p> <p>* Alle lærarane var interesserte i å få fokus på å gje elevane opplegg med grafikk og Rolf Nesch. Vart informert om at det er DKS-midlar å bruke på transport til Nesch-museet og trykkeverkstaden i Leveld.</p> <p>* Det vart også minna om Nesch-kassa som finst på kulturhuset. Planen var å gjennomføre eit større opplegg med elevane i løpet av 2022.</p>	Nesch-utvalet

	<p>* Forankring i læreplanen for kunst og handverk etter 4. trinn:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gjennomføre kunst- og designprosesser ved å søke inspirasjon, utforske muligheter, gjøre valg og lage egne produkter • Utforske mangfold i motiver og visuelle uttrykk i kunst • formidle og vise eget arbeid gjennom utstilling <p>https://www.udir.no/lk20/khv01-02/kompetansemaal-og-vurdering/kv157?lang=nob</p> <p>* Forankring i læreplanen for kunst og handverk etter 10. trinn:</p> <ul style="list-style-type: none"> • visualisere form ved hjelp av frihåndstegninger [...] modeller • undersøke hvordan kunst [...] kan bidra i samfunnskritikk • [...] ulike visuelle uttrykk i en skapende prosess <p>https://www.udir.no/lk20/khv01-02/kompetansemaal-og-vurdering/kv159?lang=nob</p>	
Nov-21	Innhaldet i Nesch-kassa vart fotografert og dokumentert i ei liste som vart send til kh-lærarane som var på møtet.	Kirstine
Feb-22	Svar frå DKS Ål om at dei har løyvd kr 30 000,- til Nesch-utvalet for prosjektet "Nesch, kunsten og ungane". Pengane må brukast innan utgangen av 2022. Rapport for aktiviteten må leverast så fort prosjektet er overstått, på vedlagt skjema. Reelle utgifter må vere dokumentert.	
Feb-22	E-brev til kh-lærarane. Info om at prosjektet «Nesch, kunsten og ungane» krev ein del førebuing. Difor blir det gjennomført hausten 2022 med besøk og omvising i Nesch-museet, og hjelpe profesjonell kunstnar på trykkeverkstaden på Samhald. Tanke om å ha elevarbeida på utstilling på kulturhuset hausten 2022 sidan kulturhuset då er 30 år. Oppmoding om at lærarane lagar si vinkling på opplegget dei skal ha på sin skule.	Kirstine
Jun-22	Påminning til rektorane og kh-lærarar om å hugse på «Nesch, kunsten og ungane» i planlegginga for neste skuleår. Kom inn svar frå andre enn lærarane Nesch-utvalet hadde møte med i nov-22. Det blir andre lærarar som skal ha kh på 4. og 9. trinn skuleåret 2022-2023.	Kirstine
Aug-22	<ul style="list-style-type: none"> * E-brev til rektorane om å få namna på lærarane som skal ha kh på 4. og 9. trinn på alle skular. Svar med namn. Det viste seg at det nesten berre var andre enn dei me hadde møte med i nov-22. * E-brev til alle kh-lærarane med info om «Nesch, kunsten og ungane». Oppmoding om at dei tek ein prat med lærarane som var på møtet i nov-22. Positive svar frå dei nye lærarane også, heldigvis. * E-brev til rektorane om kh-lærarane som har 4. og 9. trinn skuleåret 2022-2023 kan koma på samarbeidsmøte med Nesch-utvalet og Leveld kunstnartun i sept-22. * E-brev med innkalling og sakliste til kh-lærarane om møte på kulturhuset i sept-22. 	Kirstine
Sep-22	<ul style="list-style-type: none"> * Møte med kh-lærarane som har 4. og 9. trinn. Positiv stemning. Dei synest det var greitt å gjennomføre prosjektet sjølv om dei ikkje hadde vore med å bestemme det. Men ikkje alle lærarane hadde like mykje fagleg grunnlag for å halde på med grafikk/trykking. * Lars Monrad Vaage frå Leveld kunstnartun informerte om at grafikaren Eirik Lillebror Mikkelborg skulle vera i trykkeverkstaden på Samhald og hjelpe til når elevane kom dit. Han svarte også på spørsmål om kva som kunne brukast av materialar når elevane skulle lage trykkplatene sine på skulane. * Laga plan saman der det vart sett opp tidspunkt for omvising i Nesch-museet i sept-okt-22, og plan for når og kven dei ulike skulane skulle på trykkeverkstaden på Samhald i veke 44. 	Nesch-utvalet
Sep-22	* Det vart laga lenkesamling og send til kh-lærarane der dei kunne få innblikk og inspirasjon om grafikk.	Kirstine

	* Liste med dato og tidspunkt for omvising i Nesch-museet send til kulturhuset. Kulturhuset har ikkje kapasitet til å gjennomføre alle omvisingane. Eva Almhjell blir spurt og takkar ja til å ta i mot elevar i Nesch-museet. (Sjå skjema nedst i dette dokumentet.)	
Sep-okt-22	Omvising av alle elevane på 4. og 9. trinn, og 3. trinn på fådelte skular, i Nesch-museet. Etter omvisinga teikna alle elevane av kunstverka dei likte. Besøka i museet var i ca. 1,5 t. Teikningane tok dei attende til skulane. Der valde dei ut teikninga dei likte best. Så laga dei trykkplater med lause element, som Nesch gjorde, på skulane. Somme elevar på ungdomsskulen testa ut trykking i linosnitt på skulene.	Wenke Kolstad, Eva Almhjell, lærarane på skulane
Okt-22	LKT har ope trykkeverkstad på Samhald helga 22.-23. oktober. Alle lærarane fekk i om e-brev dette. Dei kunne altså reise for å sjå og prøve trykking før dei skulle dit med elevane.	Kirstine
Okt-nov-22	Alle elevane på 4., 3. på fådelte skular, og 9. trinn var i trykkeverkstaden på Samhald i Leveld. Dette vart gjennomført i veke 44 med to grupper kvar dag. Elevane var i verkstaden ca. 1,75 t. (Sjå skjema nedst i dette dokumentet.) Det var ei hektisk og produktiv veke der grafikaren Eirik Lillebror Mikkeliborg stod for innfaring av trykkplater og element. Elevane såg på. Det vart litt langdrygt for somme elevar at det var lite å gjera for dei i trykkeverkstaden. Men dei synest det var kjekt å sjå då trykka kom or pressa. Det vart mange fine bilet! Sjå gjerne Nesch-utvalet si nettside som ligg under Ål kulturhus. https://aal.kulturhus.no/nesch-utvalet/	Eirik Lillebror Mikkeliborg, lærarane på skulane
Nov-22	Eva Almhjell var på besøk i trykkeverkstanden i Leveld og fotograferte og snakka med elevar og lærarar. I etterkant kom det oppslag i Hallingdølen.	Eva Almhjell
Nov-22	* Møte i Nesch-utvalet med drøfting av utstilling av elevarbeida i Galleri Syningen på kulturhuset. På dagen 130 år etter Rolf Nesch vart fødd blir det utstillingsopning. * Lage tekst og velje bilet til kva som skal stå om utstillinga i kulturhusprogrammet som alle heimar i Ål kommune får i posten.	Nesch-utvalet
Nov-22	Undersøke prisar på rammer til elevarbeida. Og plater til å montere foto på. Brye Foto & Musikk ga oss god pris så bestilling på alt vart lagt inn hjå dei.	Anne
Nov-22	Lærarane fekk e-brev med dato for når dei kunne hente rammer hjå Brye Foto & Musikk. Og når dei måtte leverere ferdig monterte og namna bilet på kulturhuset.	Kirstine
01.12.22	Søknad send til DKS om å vidareføre «Nesch, kunsten og ungane» for skuleåret 2023-2024.	Anne
Des-22	Alle elevarbeida, inkl. nokre skisser og trykkplater, godt merkt med namn og skule, skulle leverast innan 15. des. på kulturhuset. Kassene med dei ferdig monterte trykka blir lagra på kulturhuset.	Wenke Kolstad, Torun Torsteinsrud, lærarane på skulane
Des-22	Skrive utkast til invitasjonstekst til utstillingsopninga.	Eva
Des-22	Lage plakat. Tok utgangspunkt i invitasjonen	Anne
Des-22	Sende invitasjonar til skular, skulesjef, kultursjef, kulturskulerektor, Leveld kunstnartun, Eirik Lillebror Mikkeliborg, ordførar, sektorutval for kultur og oppvekst, AKO, lærarar, rektorar, føresette, elevar.	Nesch-utvalet
Jan-23	* Lage lister med namn på elev, klasse og skule dei som ser utstillinga kan ta med rundt i Galleri Syningen. Bestemt det ikkje blir namn på eleven ved kvart bilet. * Handle inn brus, twist, ballongar, eingangsglas.	Anne

Jan-23	Lage utstilling av elevarbeida, frå teikning til ferdig trykk. Blir hengt opp skulevis. Lærar Ragnhild Haug Stølen var med oss ein av dagane. Det var til god hjelp.	Nesch-utvalet
Jan-23	Lage program for utstillingsopninga. Spørja elevar og kh-lærar på 9. trinn om å vera med på opninga. Ha møte med elevane og lærar. Øve program.	Kirstine, 9. elevar
07.01.23	Utstillingsopning på Rolf Nesch sin 130-årsdag i Galleri Syningen på Ål kulturhus. 113 flotte elevarbeid er stilt ut. Elevane Elinor Flaget, Marius Trones Kolsrud og Ida Hagen Aasvangen, og lærar Ragnhild Haug Stølen frå Ål ungdomsskule og Kirstine Wetterhus frå Nesch-utvalet stod for opninga. Det var om lag 50 personar som var på opninga denne laurdagen. Utstillinga står f.o.m laurdag 07.01.23 t.o.m sundag 26.02.23.	Nesch-utvalet, elevar, lærar
Jan-23	Protokoll til å skrive inn namnet sitt når ein har sett utstillinga.	Kulturhuset
Jan-23	Hallingdølen har fint oppslag om utstillinga.	
Jan-23	Svar på DKS-søknad. «Nesch, kunsten og ungane» får full pott, 50 000 kr, som det einaste med fullfinansiering frå DKS lokalt.	
2021-2022	Gjennom heile prosjektet har Anne hatt ansvar og oversikt på økonomi. Hallingdal billag har stilt med skyss, rekninga betalt av Nesch-utvalet og DKS-midlar. Dette gjeld både til Nesch-museet og trykkeverkstaden på Samhald.	Anne
Jan-feb-2022	I protokollen som ligg i Galleri Syningen er det mange som har sett utstillinga. Det er 150 namn i protokollen. Wenke har inntrykk av at mange har vore innom og likt bileta som er utstilt.	
Feb-2022	Evalueringsspørsmål send til kh-lærarane som har vore med på prosjektet, og Lars v/LKT.	Kirstine
Feb-2022	Oppsummering frå lærarane som har gjennomført «Nesch, kunsten og ungane» på skulane i Ål kommune og Leveld kunstnartun. * Lærarane er positive til opplegget, og kan tenkte seg å gjera noko liknande seinare. * Nokon følte seg usikre på trykking fordi dei ikkje var særleg kjent med det. Nemner det kunne vore fint med kurs på førehand for å vite meir før dei sette i gang med elevane. * Nøgde med omvising og teikning med elevane i Nesch-museet. * Kunne vore litt betre info om kva materialar som kunne brukast til elementa til trykkeplatene dei laga på skulane. Kanskje hatt ei liste med døme på materialar som kunne brukast? * Det var ikkje mange fargar å velje på dei fyrtse dagane på Samhald. Avtala med LKT var at dei skulle stille med fargar og ark. * Fleire ynskte det burde vore meir elevane å gjera i trykkeverkstaden. Det vart nok litt kjedeleg for urolege elevar. Kanskje vore eit bord med kh-ting dei kunne halde på med mens grafikaren trykte? Kunne det vore mogleg for dei eldste elevane prøva seg lage iris og trykke sjølve? * Elevane har vore stolte når bileta vart ramma inn. * Elevar som har vore i museet har vore nøgde med utstillinga. * Elevgruppene må ikkje vera for store. * LKT er nøgd med opplegget og blir gjerne med på liknande prosjekt seinare. Dei har sett utstillinga og synest den er fin.	Kirstine
Mar-2023	Oppsummering frå Nesch-utvalet om prosjektet og elevutstillinga, og nokon tankar om vidareføring: - Det har vore særskilt vellukka. Stort sett berre positive attendemeldingar og konstruktive innspel til vidareføring.	

	<ul style="list-style-type: none"> - Det har vore ca 150 som har signert i gjesteboka. Kulturhuset reknar med me kan doble det reelle besøkstalet. Så om lag 300 har nok vore innom. - Sidan DKS-midlar vart løyvd kunne prosjektet bli profit og heilskapleg. Og utan transportkostnader for skulane. - Det er løyvd DKS-midlar også til skuleåret 2023-2024. Nesch-utvalet har ansvar for å dra i gang liknande prosjekt på 4. og 9. trinn. Men vil gjerne ha med andre på «opplæring» for å sikre organisering og oppfølging framover. Kultursjef og DKS-ansvarleg i kommunen er aktuelle til dette og blir invitert på møte med Nesch-utvalet våren 23. - Nesch-utval, og nye koordinatorar/vidareførarar, har møte med kh-lærarar hausten 2023 for å sy saman opplegg for skuleåret 2023-2024 med besøk i Nesch-museet og på trykkeverkstaden på Samhald i Leveld. - Utstilling av elevarbeida på kulturhuset ser ikkje Nesch-utvalet for seg at det blir kvart år. Me oppfordring til skulane om å stille ut på skulane så alle der får sjå resultata. - Alternativt kan ein tenkje seg også å ha fokus på materialbileta/skulpturane Rolf Nesch laga. Kanskje det kan vera for 4. trinn? Og grafikk for 9. trinn? - Kanskje tilby kurs til kh-lærarar som ikkje har halde på med grafikk tidlegare? 	
--	---	--

VEDLEGG 2

Plan for besøk og guida omvisning i Nesch-museet.

Tidspunkta er tida elevane er Nesch-museet og trykkeverkstaden. Altså er ikkje bussinga inkludert i tidene.

Veke 37 Nesch- museet	Måndag 12.9	Tysdag 13.9	Onsdag 14.9	Torsdag 15.9	Fredag 16.9
Føremiddag					Kl. 8.45-11.15 4. trinn – Skattebøl, 15 elevar, dele i 2 grupper Hanne Muledal, Hilde Sandum Breivik Omvisar: Wenke på kulturhuset
Ettermiddag			Kl. 12.45-14.15 9a – u.skulen, 9 elevar Ragnhild Haug Stølen Omvisar: Wenke på kulturhuset		

Veke 38 Nesch- museet	Måndag 19.9	Tysdag 20.9	Onsdag 21.9	Torsdag 22.9	Fredag 23.9
Føremiddag		Kl. 9.15-10.45 4. trinn – Nedre-Ål, 9 elevar, Mariann Haugen Omvisar: Eva Almhjell frå Nesch-utvalet	Kl. 9.15-10.45 9c – u.skulen, 9 elever Ragnhild Haug Stølen Omvisar: Eva Almhjell frå Nesch-utvalet		Kl. 8.50-10.20 3. og 4. trinn – Torpo, 12 elevar, dele i 2 grupper, Frøydis Gran Omvisar: Eva Almhjell frå Nesch-utvalet. Tippar det blir kl. 8.50 og ca kl. 9.35

Ettermiddag	Kl. 12.45-14.15 9a – u.skulen, 9 elevar, Ragnhild Haug Stølen Omvisar: Wenke på kulturhuset	Kl. 12.45-14.15 9c – u.skulen, 9 elevar, Ragnhild Haug Stølen Omvisar: Wenke på kulturhuset			Kl. 12.45-14.15 9b – u.skulen, 9 elevar, Ragnhild Haug Stølen Omvisar: Wenke på kulturhuset
-------------	--	---	--	--	---

Veke 39 Nesch- museet	Måndag 26.9	Tysdag 27.9	Onsdag 28.9	Torsdag 29.9	Fredag 30.9
Føremiddag					Kl. 9.15-10.45 9b – u.skulen Ragnhild Haug Stølen Omvisar: Wenke på kulturhuset
Ettermiddag			Kl. 11.30-12.50 3. og 4. trinn, Nordbygdane, 14 elevar, dele i 2 grupper, Helga Johanne Fuglesteg, Johanne Marie Jordet Omvisar: Wenke på kulturhuset		

VEDLEGG 3

Plan for arbeid i trykkeriet i Samhald, Leveld Kunstnartun.

Veke 44 Trykkeverkstad, Leveld	Måndag 31.10.	Tysdag 1.11.	Onsdag 2.11.	Torsdag 3.11.	Fredag 4.11.
Føremiddag	Kl. 9.00-10.45 3. og 4. trinn, Torpo skule, 12 elevar Frøydis Gran	Kl. 9.30-11.15 4. trinn, Nedre-Ål, 18 elevar, Mariann Haugen	Kl. 9.30-11.15 9c – u.skulen, 9 elevar, Ragnhild Haug Stølen	Kl. 9.00-10.45 3. og 4. trinn, Nordbygdane, 14 elevar, Helga Johanne Fuglesteg, Johanne Marie Jordet	Kl. 9.30-11.15 9b – u.skulen, 9 elevar, Ragnhild Haug Stølen
Ettermiddag	Kl. 12.15-14.00 9a – u.skulen, 9 elevar, Ragnhild Haug Stølen	Kl. 12.15-14.00 9c – u.skulen, 9 elevar, Ragnhild Haug Stølen	Kl. 12.15-14.00 9a – u.skulen, 9 elevar, Ragnhild Haug Stølen	Kl. 11.30-13.15 3. og 4. trinn, Skattebøl, 15 elevar, Hanne Muledal, Hilde Sandum Breivik	Kl. 12.15-14.00 9b – u.skulen, 9 elevar, Ragnhild Haug Stølen